



Kapteinløytnant Tor Inge Myklebust Lie (33), som er skipssjef på mineryddaren KNM Måløy, har solide røter i Uskedalen. No er han ute på eit viktig oppdrag - båten har gått frå Håkonsvern for å slutta seg til den ståande minerydderstyrken til NATO. KNM Måløy skal stå i styrken eit halvt år, deretter skal Myklebust Lie inn i administrasjonen ved Håkonsvern..

Myklebust Lie gjekk ut av Sjøkrigsskulen for 12 år sidan og var stasjonert i Horten før han kom heim til Vestlandet. No har han vore skipssjef på fleire båtar i 6 år.

Den multinasjonale styrken han no drar ut med er ein av 2 fast etablerte grupper som skal sørge for at NATO har evne til å svare på eit breitt spekter av oppgåver nesten kor som helst i verda.

Han er sterkt knytt til Uskedalen og er her ofte i fritida. Fiske i elva og restaurering av hus i Myra har vore to av aktivitetane hans.

På biletet er han saman med fénrik Sanne på KNM Måløy

Tekst: Ola Matti Mathisen
Foto: KNM Måløy.